

Møre

Avis for Søre Sunnmøre

NORSK LANDBOEBLAD (1810) - LANDBOE-AVISEN - POSTBUDET - MØRINGEN - UGEBLADET

tysdag

22. JANUAR 2013 - NR. 9 - 111. ÅRG. (205. ÅRG.)

LAUSSAL KR. 20,-

NM-jubel
for
voldingar

SIDE 8



Klart for
tango



SIDE 9

Surfande
pensjonistar

SISTE SIDE



I dag:

Kulturhistorie - Odd Karstein Fløtre

Utvikling av helsetenestene - svar til Sigbjørn Hessen - Peter Bjørdal

Felles legesenter - Saxe Bjørkedal

Eitt steg
fram for
Urbakkfoten

SIDE 6



Bufetat møtte
ordføraren

SIDE 7



Varsku om farlege elveosar

Dramatikk i Austefjorden



Søndag heldt det på å gå gale for ei skeiseløpar i Austefjorden. På den flotte sjøisen kosa han seg medan han skeisa av stad. Mellom nesa der Fyrdselva og Sundselselva renn ut i fjorden (på

fotoet), er det omtrent umogleg å sjå at det er ein elveos, og der gjekk han rett gjennom isen. Ropa om hjelp vart heldig vis oppfanga av folk på land, og ein dramatisk redningsaksjon vart

sett i gong. No vil lokalkjende austefjordingar rette eit varsku mot isen ved elveosane.

SIDE 5

| | | | | |
|--|---|--|--|---|
| <p>KUTTET 18⁹⁰ RØDE/GRØNNE DRUER I KURV 500 g, 18,90 pr. kurv</p> | <p>19⁹⁰ STEINOVNSBAKT KORNBRØD Mesterbakeren, 650 g, 30,62 pr. kg Førpris 30,90 pr. stk</p> | <p>SPAR OPPTIL 42% 19⁹⁰ SUNNIVA ORIGINAL EPLE/APPELSINJUICE Tine, 1,75 l, 11,37 pr. l Førpris 31,00-34,80 pr. stk</p> | <p>SPAR OPPTIL 44% 39⁹⁰ BIG ONE PIZZA Frys, Stabburet, Utvalgte varianter, 580-610 g, 65,41-68,79 pr. kg Førpris 45,00-72,50 pr. pk</p> | <p>Det er sluttsummen på kassalappen som teller!</p> <p>REMA 1000</p> |
|--|---|--|--|---|

Gjelder Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal uke 4 - Kun til private husholdninger. Vi tar forbehold om eventuelle trykfeil og at noen varer kan være utsolgt.

BIOThERM Januarkampanje
Body creme krukke No: 169,-
(også bodylotion pumpe 400 ml) Flere gode
Deo roll 130,- (veil. 190,-) tilbud i butikken

COSMETIQUE Parfymeri og veskeavdeling
Hornvege 21A - tlf. 958 61 310

-50%
Merkevareresal på
innfatning v/kjøp av
komplett brille

interoptik
Ny mark

Halkjelsgata 20, Tlf. 70 07 60 19

Opningstider:
Kvardagar: 10-16.30
Torsdagar: 12-19
Laurdag etter avtale
Velkommen inn!

Unik
hud- og kroppspjelle

Halkjelsgata 14, Volda. Tlf. 70 05 55 70 - www.unikhudpleie.no

Tangofestival med dansekurs i Volda

Øyvind Robak har teke initiativ til å skipe ein tangofestival i Volda, frå 7. til 9. februar. - Det vert konsertar med både tilreisande og lokale ensemble, og vi skal ha dansekurs i argentinsk tango, seier Robak, og legg til at i Noreg er tangofestivalar eit skjelsyn. Han håpar å nå ut til fleire med tangoen, og ynskjer å arrangere tangofestival kvart år.

Robak jobbar både som frilansmusikar og han underviser i fiolin og bandoneón (tangotrekkspel). Han har musikkutdanninga si frå Musikkonservatoriet i Trondheim og Paris. I festivalstyret har Robak har fått med seg Morten Bollerud og Kaja Skatvedt for å få i stand Tangofestivalen, som skal ha konsertar, dansekurs og konsertar der publikum kan danse tango.

Lokale musikarar

Programmet er ikkje heilt spikra enno, men dei har alt fått ja frå lokale musikarar som skal spele.

- Vi har med baYazz frå Ørsta med meg sjølv som «alfa», saman med Arne Otto Myklebust og Helge Ressem, alle tre på trekkspel, fortel Morten Bollerud. Øyvind Robak har skipa eit tangoensemble som han kallar Tangolauguet og her har han med seg Øystein Øye og Øystein Egset.

- Vi har fått også med oss Ruth Olina Lødemel som solist, fortel Robak.

Dansekurs

- Eg håpar mange har lyst til å lære å danse tango og melder seg



* Guro Hustad Stugu har vore instruktør i Stockholm i mange år, og meistarar både rolla som fylgjær og førar i tango. (Foto: Kristin Oppdan)

på dansekurs. Det er såkalla argentinsk/uruguayansk tango, òg kjend som latinsk tango. I 2007 sette UNESCO den argentinske/uruguayanske tangoen på verdsarvlista, opplyser Robak. Han legg til at tango er meir populært enn nokon gong, og berre i Finland samlar det seg 100.000 entusiastar kvar sommar for å danse tango. Som instruktør har han fått med seg Ragnhild Førde, som har røter i Austefjorden, og Guro Hustad Stugu, begge busett i Trondheim.

- Eg håpar mange melder seg på dansekurs og sluttar opp om festivalen, smiler Øyvind Robak. Etter kursa er det høve til å danse tango til levande musikk eller berre nyte den flotte tangomusikken.

Variert program

Tangofestivalen får også tilreisande musikantar.

- VippeTango, med medlemmar frå fleire stader i Noreg, og Tastaturet frå Nordfjordeid skal spele. Vi har også fått med oss Kåre Jostein Simonsen, som var den første til å starte undervisning i bandoneón i Noreg. Morten Bollerud på trekkspel, Øystein Salhus på fiolin og Tangolauguet skal ha ein konsert på Fugl Fønix i Ørsta. Elles vert konsertane i Volda, men vi har ikkje klart alle konsertlokala enno, forklarar Øyvind Robak.

Argentinsk tango

Han fortel at ein skil mellom argentinsk/uruguayansk tango (latinsk tango) på den eine sida og europeisk på den andre, der den europeiske er meir statisk og marsjaktig.

- Den argentinske eller søramerikanske tangoen er meir flytande. Det er ein melodi som flyt oppå ei taktfast rytme, forklarar



* Morten Bollerud (til venstre) saman med Øyvind Robak som spelar bandoneón (tangotrekkspel). Robak har teke initiativ til å arrangere tangofestival med dansekurs i Volda.

Bollerud, som synest den europeiske tangoen vert blodfattig.

Bandoneón

Bandoneón er eit trekkspel som vert nytta i argentinsk tango. Instrumentet vart utvikla i Tyskland og var tenkt å skulle erstatte kyrkjeorgel i mindre kyrkjer. Bandoneón vart teke med av sjømenn over til Sør Amerika og vart etter kvart nytta i tango som vart spela på bordell.

- Bandoneón har eit eige særprege og ein sentimental tone samanlikna med vanleg trekkspel. Det er òg ulogisk å spele samanlikna med vanleg trekkspel. Det er noko heilt anna og eksotisk, meiner Morten Bollerud, som òg har skaffa seg bandoneón.

✍ HEIDI SPORSTØL



* Ragnhild Førde, med røter i Austefjorden, er ein av to instruktørar som underviser i tango. Ho vart biten av tangobasillen under eit praksisopphald i København.



* Under tangofestivalen vert det arrangert dansekurs der ein kan få lære argentinsk/uruguayansk tango, òg kjend som latinsk tango. (Foto: Lasse Berre)